



Eldsjeler og venneforeininga for Vigra Kringkastar

har arbeidd sidan 1995 for å ta vare på historie knytt til Vigra Kringkastar.

Telemuseet og Norkring har støtta oss med ca 0,5 million kroner.

Vi har flytta, samla og tatt vare på:

- **feeder-huset** og eit bardun-fundament frå 1935
- **lager/tyskarbrakke** frå 1938,
- **krigs-bygget** frå 1940 - reist av materialar frå det bomba sendar-bygget frå 1935 med krigs-sendaren med kulehol frå eit engelsk flyangrep.
- **toppen av Vigra-masta** frå 1952.

Vi har laga historiske utstillingar i dei 3 tre-husa.

I **sendar-bygget** frå 1948 har vi tatt vare på:

- analogt AM, FM og TV utstyr og dokumentasjon frå heile MR fylke
- litt tele utstyr og dokumentasjon og litt studio-utstyr frå Ålesund

Nasjonal tele, kringkasting og fiskeri historie 1924-40 i MR fylke

1876 - Fiskeri var årsaka til at dei første telefonane i Norge kom til **Ålesund**. Fiskeri-kunnskap var årsaka til at Joakim Anderssen frå Ålesund vart valt til jurymedlem på verdsutstilling i Philadelphia i USA. Der møtte han oppfinnaren Alexander Graham Bell som han kjøpte 2 telefoner av.

1919 - Første faste radio-telefoni sambandet kom mellom **fiskeværet Grip og Kristiansund**

1924 - Ålesund fekk den første prøvesendaren for radio-telefoni samband mellom fiskebåt og land. Kyst radiosendaren var den første statseigde sendaren, også brukt til kringkasting.

1925 - Ålesund Radiolag stifta.

1927 - Ålesund Kringkastingselskap AS stifta - 4. i Norge og 3. største etter Oslo og Bergen.

1935 - Vigra Kringkaster på 10 kW avløyste Ålesund kystradio som kringkaster for MR fylke

1939 - Vigra Kringkaster - ein av 2 nasjonale 100 kW stor-sendarar - Stavanger den andre. Sendaren dekte havområdet mellom Skotland, Island og Svalbard og mesteparten av Norge.

Viktig nasjonal krigshistorie 1940

9. april - tyskarane tok kontroll over alle dei store kringkastarane i sør-Norge utanom Vigra-sendaren som vart det frie Norge sin viktigaste informasjonskanal frå 9. til 15. april.

11. april - kom dei igang med lokale sendingar med informasjonskontor på Latinskulen og lyttepost på Aksla. Regjeringserklæringa med kongens nei og ei oppmoding frå den frie norske regjeringa om at norske skip må gå til engelske eller franske hamner vart formidla over Vigra Kringkaster like etter utsendinga frå den vesle lokale Hamar-sendaren på 1 kW.

12. april – 15. april - Vigra Kringkaster og Ålesund Radio var viktige deler av **Norge sitt viktigaste militære samband med våre allierte i London.**

14. april – kontakt med kongen og regjeringa. Kongens tale til det norske folket og melding nr 1 frå den frie norske regjeringa vart sendt på norsk, engelsk, tysk og fransk.

15. april - full krig på Vigra. Tyske fly slapp ca 70 bomber. Lokale styrkar forsvarte heldemodig sendaren med krag Jørgensen gjever før ein fulltreffar la sendar-bygget i ruin.

16. april til 1.mai - kom NRK, NTB og Arbeidarpressa og fleire journalister og slo seg saman med informasjonskontoret på Latinskulen og oppretta «statens informasjonskontor» i Ålesund for den frie norske regjeringa. Kontoret flykta til Tromsø 1 mai 1940.

Nasjonal og regional kringkastingshistorie i MR fylke etter krigen:

12. april 1948 - vart «nye Vigra Kringkastar offisielt opna av kong Håkon 7. i eit radioprogram på riksnettet frå Løvenvold kino i Ålesund.

1952 - kom den 240 meter høge Vigra-masta.

1959 - Reinsfjell FM-sendar - den første i MR fylke - program-mata og drifta frå Vigra

1963 - Reinsfjell TV-sendar kom på lufta.

1964 - Gamlemsveten. FM og TV sendarane kom på lufta.

1967-84 var Vigra Kringkastar eit driftskontroll-senter for hovud-sendarane for FM og TV på Reinsfjell, Gamlemsveten og Bremanger – overvaking, fjernstyring og utkalling frå Vigra

1973 – **medielina i Volda** fekk starte prøvesending for nærradio som dei første i Norge

1981 – avisene fekk starte nærradio og nær-TV. Sunnmørsposten var pionerar i MR fylke.

1985 – frislepp av nær-radio og -TV

- Vigra Kringkastar med ny Telefunken fjernstyrt 100 kW sendar

1992/93 – privat riksdekkande TV2 utbygging i MR fylke og

1993 - NRK P3 og privat riksdekkande P4

1996-2002 var Vigra Kringkastar drift-senter for Norkring i MR fylke.

2005 – **Asbjørn Gjerde** si boka «Vel møtt til sendinga» Kringkastinga i MR fylke 1925-2005.

2011 – Vigra-sendaren stoppa 30. juni og Vigra-masta falt 8. september

2012 – **Ålesund smalfilmklubb** vann 2. premie for dokumentar videoen om Vigra-sendare

Radio-pionerar i MR fylke vi ynskjer å minnst:

- 1. Telegraffullmektig Jens Moe frå Skodje -**
fekk ansvaret for prøve-sendaren som kom til Ålesund i 1924. Han var leiar for både Ålesund Radiolag 1925 og det private Ålesund Kringkastingselskap AS 1927. Han døde av tuberkolose i 1928. Same året vart Jens Moe «junior» født som var son til broren. Jens Moe «junior» var han som starta «Fjord Candensa» på Skodje.
- 2. Telegrafist Oskar Stinessen -**
fekk ansvaret for prøvesendaren som då vart brukt til både kystradio og kringkasting frå 1924 til 1935. Han vart styrer for den nye Vigra Kringkastingar frå 1.1.36. til 1965. Han var motstandsmann og vart fengsla og sendt til Grini i 1944. Etter krigen vart han ordførar i Vigra kommune.
- 3. Kristian Langlo frå Stranda -**
var adjunkt på Latinskulen i Ålesund. Han held foredrag på radioen om Arne Garborg 31. mars 1925. Han hadde deltids stilling i Kringkastingselskapet og vart den første programsekretæren i NRK i Ålesund. Etter kringen vart han ein kjent Stortings-mann frå MR fylke for Venstre.
- 4. Kaare Fostervoll frå Kristiansund -**
var rektor på Latinskulen i Ålesund då krigen starta. Han vart leiar for det lokale informasjonskontoret som brukte Vigra Kringkastingar som sitt talerør frå 11. til 15.april og det nasjonale kontoret frå 16. april til 1. mai og deretter leiar for kontoret i Tromsø til 7. juni. Etter krigen vart han statsråd for Arbeiderpartiet og seinare kringkastingsjef.
- 5. Krigshelten Joachim Rønneberg frå Ålesund -**
vart tilsett som programassistent i NRK Ålesund frå 1 mars 1948. Han var «Vigra lokal» si mest kjente radio-stemme i 43 år. Han avduka minnesteinen framfor sendarbygget då vi markerte 50 års freds-jubileet i 1995. Dette var starten for arbeidet for å ta vare på denne historia.